



Vestre Slidre kommune

FORSKRIFT OM GODTGJERSLE OG PERMISJONAR FOR FOLKEVALDE i Vestre Slidre kommune

Vedteke av kommunestyret **XX.XX.2020** i medhald av lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10

§ 1. Virkeområde

Formålet med forskrifta er å sikre kommunen sine folkevalde kompensasjon for arbeidsinnsats og å erstatte tap i arbeidsinntekt ved møter i kommunale organ.

Med folkevalde meiner ein medlemmer av kommunestyret og formannskap, medlemmer i organ oppnemnde av kommunestyret eller formannskapet, einskildmedlemmer oppnemnde av kommunestyret eller formannskapt til folkevalde organ og til interkommunale organ heimla i kommunelov eller særlov (ref. kommunelova § 5-1 og § 5-2). Dette gjeld ikkje reine styreverv etter aksjelova og liknande.

Rettane som dei folkevalde har i høve til dette er heimla i lov 22. juni 2018 nr. 83 – kommuneloven, kapittel 8 (§§ 8-3, 8-4, 8-6, og 8-10). Utbetaling til folkevalde er godtgjering, ikkje lønn. Godtgjeringa skal innberettast som skattepliktig inntekt.

§ 2. Fast årleg godtgjersle

2.1 Ordførar

Årsgodtgjersle til ordførar er 75 % av stortingsrepresentantlønn. Det er forhandlingsutvalet i kommunen, utan ordføraren, som innstiller til kommunestyret seinast til siste kommunestyremøte i året. Godtgjersla trer i kraft 01.01 året etter at ho er vedteken.

Ordførargodtgjersla dekkjer møtegodtgjersle og erstatning for tapt arbeidsforteneste. Kommunen dekkjer pensjonsordning for ordføraren. Ordførar har rett til fri kommunal tenestetelefon til bruk i vervet.

2.1.1 Ettergodtgjersle ordførar

Avgått ordførar skal få utbetalt godtgjersle for tre – 3 – månader.

Dersom avgått ordførar i denne perioden får anna inntektsgjevande arbeid, skal denne inntekta koma til frådrag i ettergodtgjersla. Avgått ordførar har sjølv ansvar for å fylgje opp dette.

2.2 Varaordførar

Varaordfører skal ha ei fast godtgjersle på 5 % av årsgodtgjersla til ordføreren.

Når varaordfører gjer teneste som ordfører i meir enn to veker samanhengande, skal han/ho ha godtgjersle som tilsvarar den satsen som gjeld ordfører. Dette gjeld ikkje ved ordføreren si ferieavvikling.

2.3 Formannskapet

Øvrige medlemmer i formannskapet, med unntak av ordfører og varaordfører, skal ha ei fast årleg godtgjersle tilsvarande 3 % av ordføreren si årsgodtgjersle.

2.4 Utvalsleiarar i utval sette ned av kommunestyret

Utvalsleiarar skal ha slik fast godtgjersle, rekna etter den årsgodtgjersla ordføreren har:

- Utval med over 12 møte pr. år: 2 %
- Utval med 7-12 møte pr. år: 1 %
- Utval med 1-6 møte pr. år: 0,5 %

Utvalsleiarar som har hatt/får fleire enn 6 møter i året, vert etterbetalt godtgjersle ved mottak av dokumentasjon på antal møter. Slik dokumentasjon må vere levert lønnskontoet innan 30.11 same år.

§ 3. Møtegodtgjersle

Medlemmene i kommunestyret og formannskapet skal ha ei møtegodtgjersle på 1,2 promille av ordføreren si årsgodtgjersle på alle møte (uansett lengde). Dette gjeld også møte i andre kommunale utval som varer 3 timar eller meir. Møter i andre kommunale utval som varer mindre enn 3 timar utløyser halv møtegodtgjersle (0,6 promille av ordføreren si årsgodtgjersle).

Møtegodtgjersla dekkjer også saksførebuing. Reglane om møtegodtgjersle gjeld også ved synfaringar og liknande.

§ 4. Reisegodtgjersle

Utgifter til skyss, kost og overnatting ved reiser som folkevald, blir godtgjort etter satsane i statens reiseregulativ. Kommunen vil normalt også dekke reisekostnadane tur/retur for dei som oppheld seg utanfor kommunen pga arbeid, utdanning eller avtening av verneplikt ol.

§ 5. Vederlag for tapt arbeidsforteneste

5.1 Generelt

Folkevald som faktisk har hatt tap i arbeidsinntekt ved å måtte ta seg fri frå inntektsgjevande arbeid for å møte som folkevald, har rett til erstatning for tapt arbeidsforteneste.

Krav om slik erstatning må fremjast elektronisk (jfr § 7) etter reglane for ulegitimert eller legitimert tap i arbeidsinntekt (jfr. 5.2 -5.3).

Ved dagmøte i kommunestyre og formannskap får dei folkevalde vederlag for tapt arbeidsforteneste tilsvarande 7,5 timar pr. dag (uansett lengde på møtet). Det same gjeld møte i andre utval som varer 3 timar eller meir. Ved møter i andre utval som varer under 3 timar, vert det utbetalt vederlag for tapt arbeidsforteneste etter faktisk medgått tid inkludert køyring frå

arbeidsstaden og tilbake - avgrensa oppover til 1 time tur/retur.

5.2 Krav om legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tap i ordinær inntekt som vervet som folkevald fører med seg, blir dekket med minimum 1,5 promille og maksimum 4 promille av årsgodtgjersla til ordføreren pr møte.

5.2.1 Lønnsinntak

For lønnsinntak skal det bli levert kopi av faktisk trekk i lønn eller årleg attest frå arbeidsgjevar som viser at den folkevalde blir trekt i løn ved fråver, med spesifikasjon av timelønn.

5.2.2 Nattarbeid

Ved krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste for folkevald som må ta fri frå nattarbeid natta før eller etter møte pga manglande søvn, må det dokumenterast at den folkevalde var sett opp på vaktlista til arbeidsgjevaren den aktuelle natta.

5.2.3 Næringsdrivande

Næringsdrivande folkevald kan krevje erstatning for tapt arbeidsforteneste ut frå utrekningsgrunnlaget for personinntekt jord/skog/rein og annan næring på siste års skatteoppgjer. Grunnlaget framgår også av vedlegg til skatteoppgjeret under overskrifta «Personinntekt frå føretak». Kopi av fjorårets skatteoppgjer skal leverast lønnskontoen innan 1. november i inneværande år.

Dersom den folkevalde meiner at dokumentert personinntekt blir heilt urimeleg, kan annan sats bli nytta etter nærare søknad med tilstrekkeleg dokumentasjon.

Ved bruk av personinntekt blir det rekna 1800 arbeidstimar pr år.

5.3 Krav om ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Krav om erstatning for ulegitimert tapt arbeidsforteneste kan bli fremja dersom den folkevalde kan sannsynleggjera å ha hatt eit økonomisk tap utan at dette let seg talfeste. Slikt sannsynleggjort tap blir erstatta med inntil 1,5 promille av årsgodtgjersla til ordføreren pr. møte. Heimearbeidande, studentar, pensjonistar og personar som arbeider frilans m.v. kan krevje slik dekking når dei meiner å ha tap.

§ 6. Permisjonar og omsorgsgodtgjersle

Folkevalde som har eit tillitsverv som sin hovudbeskjeftigelse, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15.

Søknad om permisjon vert avgjort av kommunestyret.

Under permisjonen beheld den folkevalde si godtgjersle i inntil to veker, med mindre han/ho gjev avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn eller barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

Folkevalde som under møte/synfaring må ha særleg tilsyn med born under 12 år, sjuke familiemedlemmer, funksjonshemma eller eldre kan få omsorgsgodtgjersle pr møte på inntil 2 promille av årsløna til ordføraren etter dokumentasjon.

§ 7. Krav om godtgjersle

Krav om godtgjersle for møter, reiser og tapt arbeidsforteneste, skal registrerast og leverast elektronisk etter kvart møte. Det vert vist til gjeldande satsar og brukarveiledning for elektronisk registrering.

§ 8. Eventuell tvist

Bli krav om godtgjersle/erstatning ikkje godkjent, avgjer formannskapet saka med endeleg verknad.

§ 9 Ikraftsetting

Denne forskrifta trer i kraft 25.06.2020